

GENERELLE VILKÅR FOR STRAUMAVTALE TIL BEDRIFT

1. GENERELT

1.1 Partane og formål

Desse generelle avtalevilkåra gjeld for avtale om kjøp av kraft utanfor forbrukarområdet og er inngått mellom Wattn AS, med organisasjonsnummer 925 638 153, som kraftleverandør («Wattn») og næringskunde med organisasjonsnummer som angitt i Kundeavtalen («Kunden»). Wattn og Kunden blir i fellesskap nemnt som «Partane».

Avtalen mellom Wattn og Kunden består av desse generelle avtalevilkåra og dei vilkår som er angitt i kundeavtalen til Kunden («Kundeavtalen»), som kjem i tillegg til, eller avviker frå desse generelle avtalevilkåra. Ved eventuell motstrid, går særskilte avtalte vilkår i Kundeavtalen framfor desse generelle avtalevilkår, så lenge dette ikkje er i strid med ufråvikeleg lovgiving.

Avtalen gjeld frå den dato avtalen er inngått og etter at alle opplysningar og øvrige vilkår og føresetnader er tilfredsstillande oppfylt.

1.2 Bestilling

Kunden er forplikta til å gi opp følgjande opplysningar ved bestilling og inngåing av Kundeavtalen:

- Namn
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson
- mobilnummer
- Adresse(r) for det(dei) målepunkt avtalen skal omfatte
- Målepunkt-ID
- Fakturaadresse
- E-postadresse

1.3 Leverandørskifte

Ved bestilling gir Kunden fullmakt og instruks til Wattn, til å:

- iverksette og melde inn leverandørbytte til nettselskapet
- innhente nødvendige opplysningar frå netteigar for å gjennomføre leverandørbyttet, og
- melde ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting

Ved byte av leverandør kan det grunna tidsfristar i Elhub ta minimum 2 vekedagar og inntil 14 dagar før Wattn kan starte leveransen sin.

Dersom Kunden sin tidlegare avtalepart i høve oppseiing/leverandørskifte gjer gjeldande at Kunden ikkje har rett til å seie opp avtalen sin om levering av kraft, derunder gjennomføre leverandørskifte, er dette Wattn uvedkommande. Dersom leverandørskifte like forseinka, eller ikkje kan gjennomførast på grunn av slike forhold, eller dersom det føreligg mangelfulle opplysningar frå Kunden, er Wattn ansvarsfri for dei tap Kunden måtte ha i høve saka. Dersom Wattn på grunn av slike forhold er påført tap, er Kunden forplikta til å erstatte desse.

1.4 Kredittvurdering

Ved inngåing av Avtalen er det frå Wattn si side eit vilkår at Kunden vert sett på som betalingsdyktig. Kunden aksepterer at Wattn i forbindelse med inngåing av avtale,

og løpande under avtalen si varigheit, kan innhente kredittvurdering av Kunden. Dersom kredittvurderinga etter Wattn si oppfatning tilseier fare for misleghald av betaling, kan Wattn på fritt grunnlag avvise bestillinga, eventuelt seie opp avtalen eller krevje sikkerheit i form av forskotsbetaling, bankgaranti, eller på anna måte som Wattn måtte krevje. Dersom sikkerheit som nemnt ikkje ligg føre, står Wattn fritt til å seie opp avtalen utan ansvar av noko slag. Dersom Wattn på grunn av slike forhold er påført tap, er Kunden forplikta til å erstatte desse.

2. MÅLING, AVREKNING MV.

2.1 Leveranse

Wattn plikter å levere og Kunden plikter å betale for fysisk levering av elektrisk kraft på dei vilkår som er avtalt. Det tas atterhald om uforutsette forseinkingar hos netteigar eller tidlegare kraftleverandør i høve oppstart av fysisk leveranse, blant anna som følge av manglande/feil informasjon frå Kunden. Det må føreliggje ein målarstand som ikkje er eldre enn 20 dagar for at Wattn skal kunne starte leveransen.

2.2 Kraftpris

Prisen for kraft følger dei vilkår som er fastsett for det produkt Kunden har valt. Alle prisar er ekskludert meirverdiavgift og andre avgifter som er, eller seinare, eventuelt blir innført, jf. også punkt 2.6. Nettleige til det lokale nettselskapet kjem i tillegg.

2.3 Avrekning for uttak av elektrisk kraft

Kunden fakturerast månadleg, etterskotsvis basert på avlest forbruk og med 10 dagars betalingsfrist.

Vert det ikkje oppretta eFaktura vil det kome eit gebyr etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar. Slike satsar vert fastsett av Wattn og gjeld for eitt kalenderår av gongen. Forseinkingsrente påløper ved betaling etter betalingsfrist angitt på faktura i samsvar med lov om renter ved forseinka betaling av 17. desember 1976 nr. 100 (forsinkelsesrenteloven). Inkasso skjer i samsvar med lov av 13. mai 1988 nr. 26 (inkassoloven).

2.4 Feil ved avrekning

Dersom Wattn feilaktig har nytta andre måleverdiar ved avrekning av forbruk enn dei nettselskapet rettidig har gjort tilgjengeleg for Wattn, kan Wattn eller Kunden krevje tilleggsbetaling eller tilbakebetaling for den tid feilen kan ettervisast. Krav om tilleggs- eller tilbakebetaling eldast etter reglene i lov om elding av fordringar av 18. mai 1979 nr. 18 (foreldelsesloven). Avvik som skyldast at Wattn ikkje har fått oppgitt nødvendige målarverdiar frå nettselskapet rettidig, og såleis har nytta stipulert forbruk ved avrekning skal også korrigrast ved tilbakebetaling eller tilleggsbetaling når målarverdiane ligg føre. Slik korrigering reknast ikkje som feil ved måling eller avrekning.

2.5 Avrekningsfeil som følge av feil i oppgitte målarverdiar frå nettselskapet

Dersom Wattn har motteke feil målarverdiar for Kunden frå nettselskapet og har nytta desse ved avrekning av Kunden,

kan Wattn krevje etterbetaling frå Kunden, og Kunden kan krevje tilbakebetaling frå Wattn.

2.6 Avgifter

I tillegg til kraftpris skal Kunden betale alle dei til ei kvar tid gjeldande offentlege avgifter som er, eller måtte bli pålagt, omsetning av elektrisk kraft, derunder nettleige, forbruksavgift, el-sertifikat og meirverdiavgift. Dersom nye skattar eller avgifter vert innført, eller avgiftssystemet, eller satsane vert endra i avtaleperioden, vil prisen Kunden skal betale og Wattn sine faktureringsatsar korrigert tilsvarende. Dersom Kunden etter avgiftsmyndigheitene sine forskrifter er unntatt frå avgiftsbetaling må det dokumenterast ovanfor Wattn at Kunden har rett til avgiftsfritaket. Dersom Wattn skulle bli etterberekna av avgiftsmyndigheitene for avgifter som Kunden feilaktig er blitt fritatt for, føreset Wattn seg rett til å krevje det aktuelle beløpet refundert av Kunden.

2.7 Gjennomfakturering av nettleige

Dersom lokal netteigar tilbyr gjennomfakturering gir Kunden Wattn fullmakt til å ta i mot faktura frå nettselskapet for nettleige m.m. på sine vegne, slik at straum og nettenester kan fakturerast under eitt. Nettleigeavtalen og kontraktsforholdet mellom nettselskapet og Kunden er likevel uforandra, sjølv om fakturaen rettast til Wattn på Kunden sine vegne. Ved heilt eller delvis misleghald av Kunden sine plikt kan Wattn utan særskilt varsel gjenetablere Kunden som fakturamottakar frå nettselskapet direkte. Kunden kan ved melding til Wattn avslutte fullmaktsforholdet og igjen få direkte sendt faktura frå nettselskapet. Kunden gir vidare Wattn rett til å ta i mot eventuelle tilgodebeløp frå nettselskapet på sine vegne. Ved betaling til Wattn er nettselskapet fri si plikt overfor Kunden. Beløpet godskrivar Kunden av Wattn ved at det utbetalast frå Wattn, eller godskrivar Kunden sin konto og avreknast i seinare oppgjær.

3. STRAUMPRODUKTER

Wattn tilbyr ulike straumprodukt slik desse vert tilbydd Kunden direkte i form av spesialtilpassa produkt og/eller produkt som til ei kvar tid framkjem av selskapet si heimeside. Dei særlege vilkår som gjeld for det produktet Kunden har valt framkjem av den enkelte Kundeavtale. Desse generelle vilkåra gjeld i tillegg til den enkelte Kundeavtale, sjå punkt 1.1 kva som gjeld eventuell motstrid.

I forvaltning og sikringsavtaler blir den finansielle sikringen gjort mot systempris, med mindre sikring av områdepris er eksplisitt inntatt som ein del av produktet som er valt av Kunden og eksplisitt avtalt i Kundeavtalen.

Ved sikring mot systempris der det i perioden er områdeprisar som er forskjellig frå systempris, gir det tilsvarende tillegg/frådrag til fastprisen. I tillegg til kraftprisen kjem den til ei kvar tid gjeldande nettleige, forbruksavgift og meirverdiavgift. Vert det innført nye skattar og avgifter, eller det blir gjort endring i eksisterande skattar og avgifter, vil dette bli vidarefakturert til Kunden.

Oppgjær for finansiell prissikring skjer månadleg og tilkjem kunde i si heilheit, både positive og negative resultat. Avrekning av sikringar skjer mot Nordpool sin månadssnittpris som referansepris. Referanseprisen speglar alltid avtalt

sikringsprodukt, ikkje fysisk leveringsområde. Grunnlag for avrekning av verdien på posisjonane er marknadspris på det tidspunktet opphøyr finn stad. Handelskostnadane for realisering av posisjonane vert belasta Kunden.

4. OPPFYLLELSE AV AVTALEN OG AVTALEBRUDD

4.1 Kraftleverandørens leveranse

Wattn er pliktig til å levere elektrisk kraft i samsvar med Kunden sitt løpande behov/uttak som avtalt i Kundeavtalen.

4.2 Stopp av levering på grunn av betalingsmisleghald

Wattn kan slutte å ta økonomisk ansvar for Kunden sitt uttak av elektrisk kraft (Stopp) dersom Kunden ikkje betaler faktura innan betalingsfristen oppgitt på faktura. Wattn kan også stoppe levering dersom nettselskapet stoppar levering av kraft overfor Kunden. Kunden skal varslast skriftleg om tidspunktet når stopp av levering vert iverksett. Ei kvar innbetaling frå Kunden vil gå til dekning/nedbetaling av den eldste uteståande fordring Wattn har på Kunden. Stopp inneberer ikkje at avtalen vert sagt opp eller hevast.

4.3 Gjenopptaking av levering

Kraftlevering som er rettmessig stoppa av Wattn på grunn av manglande betaling, vil ikkje starte opp igjen før all gjeld til Wattn, inkludert kostnader ved stopp og gjenopptaking, er betalt. Slike utgifter skal spesifiserast på fakturaen på ein slik måte at det mogleggjer kontroll for Kunden. Wattn kan sette som vilkår for gjenopptaking at Kunden stiller sikkerheit for betalingsforpliktelsen eller krevje forskotsbetaling, sjå også punkt 1.4.

4.4 Heving

Wattn kan heve avtalen med umiddelbar verknad dersom:

- Kunden vesentleg mislegheld betalingsfristen mv. etter at Kunden er blitt skriftleg oppmoda med 14 dagers frist til å betale, og skriftleg varsla om at avtalen elles vil bli heva.
- Kunden ikkje oppfyller dei vilkår som følger av punkt 4.3 om gjenopptaking av avtalen.
- Kunden inngår særskilt avtale med kreditorane sine om betalingsutsetting, blir insolvent, innleier gjeldsforhandlingar av ein kvar art, innstillingar sine betalningar eller tas under konkursbehandling eller offentleg administrasjon.
- Nettselskapet hever sin leveringsavtale med Kunden.
- Kunden ikkje oppfyller dei vilkår Wattn har satt i samsvar med punkt 1.4 i høve endringar i Kundens kredittverdighet eller andre forhold som oppstår i løpet av avtaleperioden.
- Kunden avviklar si verksemd eller deler av denne.
- Kunden på anna måte vesentleg mislegheld avtaleforholdet med Wattn.

Wattn kan krevje erstatta det tap selskapet lir ved at avtalen ikkje gjennomførast. Wattn plikter å avgrense tapet sitt.

Ved vesentleg misleghald frå Wattn kan Kunden heve Avtalen. Wattn kan krevje erstatta det tap Wattn lid dersom Kunden hever Avtalen og det ikkje føreligg slikt vesentleg misleghald.

4.5 Erstatningsansvar

Kunden kan krevje erstatning for tap Kunden lir som følge av forseinka oppstart av kraftleveransen frå Wattn si side. Dette inneber at Wattn kan haldast ansvarleg for eventuelle meirkostnader som Kunden er blitt avrekna av den tidlegare kraftleverandøren sin, eller nettselskapet i høve desse si leveringsplikt. Dette gjeld likevel ikkje dersom Wattn godtgjer at forseinkinga skuldast ei hindring utanfor Wattn sin kontroll.

Dersom denne avtalen, uansett grunn, vert broten, eller på anna måte vert avslutta før avtaleperioden går ut og dette ikkje skuldast forhold på Wattn si side, skal Kunden dekke Wattn sitt økonomiske tap. Dette gjeld også dersom årsaka til avtalebrotet er byte av leverandør, brann, pålegg frå offentlege myndigheiter, eller andre forhold utanfor Kunden sin kontroll. Brotgebyr som Kunden må betale er uansett på minimum NOK 500.

4.6 Opplysningsplikt om hindring

Er Wattn forhindra i å levere kraft til rett tid, skal Kunden få melding om hindringa og korleis dette kan virke inn på kraftleveransen. Får Kunden ikkje slik melding innan rimeleg tid etter at Wattn fekk kunnskap om hindringa, kan Kunden krevje å få erstatta tap som kunne vore unngått om Kunden hadde fått meldinga i tide.

4.7 Omfang av erstatning

Erstatning for forseinka oppstart av kraftleveranse skal svare til det økonomiske tapet Kunden er påført ved kontraktsbrotet frå Wattn. Dette gjeld likevel berre tap som skuldast forhold innanfor Wattn sin kontroll og som det var rimeleg å kunne ha forutsett som ein mogleg følge av kontraktsbrotet. Erstatninga omfattar ikkje under noko høve indirekte tap eller tap som følgje av personskade eller tap i Kunden si næringsverksemd.

Med mindre det føreligg grov aktløyse, eller forsett frå Wattn si side, skal erstatninga sin storleik aldri overstige kontraktsverdi under forseinkingsperioden, og skal vere avgrensa til eit beløp på NOK 10 000.

4.8 Avgrensing av tap og lemping av ansvar

Kunden skal gjennom adekvate tiltak avgrense tapet sitt. Dersom Kunden ikkje gjer dette, må Kunden sjølv bere heile eller delar av tapet.

Erstatning kan settast ned dersom det vil virke urimeleg for Wattn ut frå størrelsen på tapet samanlikna med tap som elles ville oppstått i liknande tilfelle og forholda elles.

5. ØVRIGE FORHOLD

5.1 Måling

Måling av effekt og energi for leveransane av elektrisk kraft vert utført i samsvar med netteigar sitt regelverk. Ved avvik om måledata gjelder netteigar si måling.

5.2 Force majeure

Wattn er fri for eit kvart ansvar for skade og tap ved avbrot, innskrenking eller manglar ved levering som følge av streik, lockout, pålagt rasjonering frå myndigheitene, eller andre forhold som ligg utanfor Wattn sin kontroll, og som Wattn ikkje med rimelege midlar kan forhindre. Wattn er også

fri for ansvar overfor Kunden ved leveringsinnskrenkingar som skuldast forhold i sentral-, regional- og/eller lokalnett som er utanfor Wattn sin kontroll. Når det føreligg leveringshindringer som nemnt ovanfor skal Kunden varslast snarast mogleg. Varslingsplikta blir sett på som oppfylt ved for eksempel annonse i dagspresse. Partane er i slike tilfelle gjensidig forplikta til å gjere det som er mogleg for å redusere eventuelle skadeverknadar og hurtigast mogeleg gjenoppta normale leveransar.

5.3 Overdraging

Avtalen kan ikkje overdragast utan den andre part sitt samtykke. Slikt samtykke skal gis med mindre den andre part har sakleg grunn til å nekte dette. Wattn kan likevel overdra Avtalen utan samtykke til et anna selskap i same konsern som Wattn.

5.4 Flytting

Avtalen følger Kunden. Melding om flytting må varslast straks dette er kjent både til Wattn og lokalt nettselskap, samt til lokalt nettselskap ved ny leveringsadresse. Melding til Wattn skal innehalde kundenamn, kundennummer, ny målepunkt-ID, ny anleggsadresse, og ny fakturaadresse.

Ved flytting kan Wattn avslutte en sikra kontrakt dersom Partane ikkje blir einige om vilkåra for kraftleveringen til ny anleggsstad. I slike tilfelle skal Kunden erstatte Wattn for det inntektstap, samt andre tap og kostnader Wattn måtte bli påført ved at resten av perioden ikkje blir fullført.

5.5 Konfidensialitet

Partane forpliktar seg til å halde det forretningsmessige innhaldet i Avtalen konfidensielt. Avtalen eller delar av denne som inneheld slike opplysningar kan ikkje gjerast kjent for tredjepart utan den andre part sitt samtykke. Unntatt frå dette vilkåret er pliktig informasjon som skal rapporterast inn til offentlege myndigheiter, netteigar eller til statistikkformål i anonymisert form.

5.6 Endring i avtaleforholdet

Avtalen kan endrast av Wattn, og den til ei kvar tid gjeldande versjon av desse generelle avtalevilkåra kan finnast på Wattn si heimeside. Dersom endringa er vesentleg, vil Wattn informere Kunden særskilt i form av e-post, SMS eller på annet eigna måte.

Pris kan årleg justerast tilsvarande SSBs konsumprisindeks KPI med utgangspunkt i avtalens startdato. Pris kan justerast første gong etter første avtaleår.

Prisendring skal alltid varslast skriftleg 1 månad i forkant.

Dersom det er ønske om å utvide avtalen med nye anlegg, vesentleg endring av forventa årsforbruk, eller avtalen på anna måte endrar karakter, for eksempel grunna flytting (jf. punkt 5.4), må dette behandlast særskilt og ein må inngå ei tilleggsavtale. Avtalt sikringsandel og øvrige vilkår vert utarbeidd som vedlegg til avtalen og kan løpande justerast og tilpassast Kunden sitt behov. Kunden sine moglegheiter til tilpassing avgrensar likevel ikkje Kunden si plikt til å erstatte Wattn for det inntektstap, samt andre tap og kostnader Wattn måtte bli påført ved slike endringar som nemnt.

5.7 Oppseiing

Oppseiing, derunder effekten av oppseiing, går fram av den enkelte Kundeavtale

Dersom Kunden i høve oppseiing av ei gjeldande kraftleveringsavtale ikkje inngår ny avtale om levering av kraft frå det tidspunkt levering etter den oppsagte avtalen er avslutta, vil Kunden sin straumleveranse skje frå leverandør med leveringsplikt (nettselskapet) inntil Kunden har etablert levering frå ny, eller tidlegare kraftleverandør igjen.

5.8 Motrekning

Dersom det føreligg finansiell prissikring skal desse bli avrekna som oppgitt i punkt 3, og Wattn har rett til å motrekne sine krav i ei eventuelt tilgodehavande som elles skulle tilfalle Kunden. Wattn har også rett til å motrekne sine krav i eventuelle andre tilgodehavande som Kunden av andre grunnar har, eller meiner å ha ovanfor Wattn.

5.8 Kommunikasjon

Ved signering av Avtalen samtykker Kunden til å ta i mot informasjon vedrørende kraftavtale, kundeforhold og marknadsføring i avtaleperioden.

5.9 Tvistar

Avtaleforholdet er regulert norsk rett. Tvistar vedrørende avtaleforholdet, som ikkje blir løyst ved forhandlingar, skal bringast inn for Søre Sunnmøre tingrett.

Desse avtalevilkåra er sist oppdatert 23.03.2023.

VILKÅR FOR STRAUMPRODUKT BEDRIFT

FAST SMB (SMÅBEDRIFT)

Fast SMB er ein avtale for bedrifter med eit årsforbruk under 100.000 kWh der kraftprisen ligg fast i heile avtaleperioden. Prisen vert fastsett ved tinging av avtalen.

Kraftprisen består av ein fast pris per kWh og eit fastbeløp pr. måned. Prisen per kWh inkluderer kostnader for lovpålagte Elsertifikat.

SPOT BEDRIFT SMB (SMÅBEDRIFT)

Spot Bedrift SMB er ein avtale for bedrifter med eit årsforbruk under 100.000 kWh der kraftprisen følgjer marknadsprisane (spotprisane) på kraftbørsen Nord Pool i det området der krafta vert levert.

Kunden betalar spotpris med eit avtalt påslag per kWh og eit fastbeløp pr. måned. Påslaget inkluderer kostnader for lovpålagte Elsertifikat. Spotprisen er ein vegd gjennomsnittspris time for time. For standmålte anlegg vert forbruket timefordelt og avrekna i tråd med netteigar sin justerte innmatingsprofil (JIP). Den viser forbruksmønsteret i kundegruppa. Der Wattn ikkje har netteigaren sin JIP, vert JIP for Mørenett AS nytta.

Avtalen har ikkje bindingstid, og kan seiast opp av begge partar med 14 dagars varsel.

SPOT BEDRIFT

Spot Bedrift er ein avtale for bedrifter med eit årsforbruk over 100.000 kWh der kraftprisen følgjer marknadsprisane (spotprisane) på kraftbørsen Nord Pool i det området der krafta vert levert.

Kunden betalar spotpris med eit avtalt påslag per kWh og eit fastbeløp pr. måned. Påslaget inkluderer kostnader for lovpålagte Elsertifikat. Spotprisen er ein vegd gjennomsnittspris time for time. For standmålte anlegg vert forbruket timefordelt og avrekna i tråd med netteigar sin justerte innmatingsprofil (JIP). Den viser forbruksmønsteret i kundegruppa. Der Wattn ikkje har netteigaren sin JIP, vert JIP for Mørenett AS nytta.

Avtalen har ikkje bindingstid, og kan seiast opp av begge partar med 14 dagars varsel.